



**Snart er det atter tid for ein av dei mest tradisjonelle tilskippingane i bygda - bedehusbasaren. Han blir avvikla fredag 29. oktober og loddsalet er allereie i gang på SPAR og i Lises Krambu.**

Gevinstlista er som vanleg spennande og også spesiell

og den mest spesielle gevinsten er nok ein Brann-gensar med størrelse 12 år (biletet). Den er strikka av ein av eldsjelane bak bedehuset - Nelly Kjærland - og ho strikka han til ein av sine egne.

Ellers på lista finn ein mellom anna hardangerbestikk til 6 personar, dobbelt vaffelkakejern, TV-kanne, suppetermos, hekla duk, barnebibel, glasskål, 2 tursekkar, 6 kakegafflar og kakespade, kakeboks for lefser og diverse, vevd løpar og gåvekort frå Gro Blomster.

I fjor gav bedehusbasaren 23 075 kroner til drifta av huset medan resultatet året før var 28 149 kroner.  
Blir 30 000 passert i år?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen